



Fedje kommune
Stormarkvegen 49
5947 FEDJE

Masfjorden kommune
Austfjordvegen 2724
5981 MASFJORDNES

Modalen kommune
Postboks 44
5732 MODALEN

Dato: 23.09.2016
Vår ref.: 2014/19439-103
Saksbehandlar: arnasan
Dykkar ref.: «REF»

Tannhelsetilbodet i Fedje kommune, Masfjorden kommune og Modalen kommune.

Fylkestannlegen viser til fylkestinget sitt vedtak om framtidig klinikkstrukturplan for tannhelsetenesta i Hordaland, og til møte mellom fylkesrådmannen og representantar for dei tre kommunane. På møtet var det semje om at fylkestannlegen med annonse i ulike aviser skulle undersøkje om det var interesse blant privatpraktiserande tannlegar til å gi eit tannhelsetilbod i dei tre kommunane.

Den vedlagte annonsen har stått i Bergens Tidende og i lokalavisane Strilen og Avisa Nordhordland. Frist for tilbakemelding til fylkestannlegen var 19. september. Fylkestannlegen har ikkje fått tilbod eller spørsmål frå nokon tannlege – korkje muntleg eller skriftleg.

Fylkestannlegen konkluderer ut frå dette med at det ikkje er interesse blant privatpraktiserande tannlegar å gi eit tannhelsetilbud i kommunane Fedje, Masfjorden og Modalen. Framtidig tannhelsetilbod i dei tre kommunane vil dermed bli gitt på Knarvik tannklinikk og Lindås tannklinikk slik det er vedteken i klinikkstrukturplanen.

Alt tannlegeutstyr på Fedje tannklinikk, Masfjorden tannklinikk og Modalen tannklinikk vil bli dermed demontert, og klinikkane tømt og fråflytta innan 31.12.2016. For å avtala befarig og planlegging av utflytting frå lokala ber eg kvar av kommunane sende meg navn og telefonnr til aktuell kontaktperson.

Arne Åsan
fylkestannlege

Kopi: Fylkesrådmann Rune Haugsdal

Overtannlege Lathamini Murugesu

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.